

Vil ha alle på digital skattemelding

Skatteetaten sender i desse dagar ut 175.000 brev til personar som får skattemeldinga både på papir og i Altinn. Føremålet er å få skattyatar til å registrere seg som elektroniske brukarar med digitale kontaktopplysningar. I fjor blei skattemeldinga på papir sendt til nesten ein million personar. Fleirtalet av desse får også skattemeldinga digitalt, og nokre både sjekkar opplysningar og leverer endringar elektronisk. Skatteetaten manglar elektroniske kontaktopplysningar (e-postadresse og mobiltelefonnummer) på mange og må derfor sende skattemeldinga på papir i tillegg. — Vi ønskjer no å registrere elektroniske kontaktopplysningar, slik at fleire brukar digitale tenester og får alle viktige beskjedar elektronisk, seier Jannicke Valbrek, i Skatteetaten. Det er allereie 3,8 millionar personar som får og sjekkar skattemeldinga berre digitalt. (NPK)

Skilting får folk ut på tur

Det hjelper å skilte og merke turløyper viss ein vil lokke fleire ut på tur i skog og mark, viser ei ny undersøking. Ferdsla auka med opptil 50 prosent etter at forskarar ved Norsk institutt for naturforskning skilta og merkte eit utval turstiar i nærmiljøa i Brumunddal i Hedmark og Vestby i Akershus. Ikkje berre tok fleire i bruk turløypene, men mange av dei nye sti-vandrarane var òg av dei mindre erfarne. — Skilting og merking av turruter er ikkje noko «sesam, sesam» som med eit knips får alle ut i skogen, men undersøkingane tyder på at det er ei form for tiltak som fungerer, seier NINA-forskar og prosjektleiar Odd Inge Vistad. (NPK)

Testar nytt vgs tilbod

Prosjektleiar Hans Høyen Solberg ved Sauda vgs håpar på napp hos elevar og næringsliv i Vindafjord og Etne når dei kombinerer yrkes- og studiefag.

ARNE FRØKEDAL

Som den første vidaregåande skulen i Rogaland etablerer Sauda vgs eit fireårig tilbod som gir både fagbrev og studiespesialisering. Den nye linja yrkes- og studiekompetanse (YSK) er driven fram av bedriftene Eramet Norway Sauda og Norsk Stein i Suldal som eit ledd i framtidig rekruttering.

— Me trur at dette vil bli eit attraktivt tilbod både for bedrifter og ungdom og har alt merka interesse frå andre deler av Rogaland, seier Høyen Solberg til Grannar.

Pilotprosjekt

YSK får oppstart til hausten med ein klasse på 15 elevar. Dette er klart etter at Rogaland fylkesting vedtok det nye utdanningstilbodet på sitt møte like før jul som eit pilotprosjekt over fire år. Ved Knarvik vgs i Radøy kommune der tilbodet har eksistert sidan 1992, har opplegget vore ein suksess.

— Me trur at dette også vil slå an i Rogaland. Førebels er tilbodet lite kjent, men me håpar at også tiandeklassingar i Vindafjord og Etne vil finna dette interessant. I tillegg treng me lærebedrifter nær heimstaden til elevane, og blant anna ser me for oss eit framstøyt mot bedriftene i Ølensvåg, seier prosjektleiaren.

Skulen er avhengig av å få næringslivet med ettersom elevane skal vera knytt til ei lærebedrift gjennom dei fire åra utdanninga varer. For bedrifter som ynskjer lokal rekruttering, er dette ein god måte å skaffa framtidig høgkompetent arbeidskraft.

Utdanning med løn

Etter fire år vil eleven ha fagbrev og spesiell studiekompetanse til å gå vidare med utdanning, til dømes ingeniørstudiet. Opplegget dei tre første skuleåra er tre dagar med teori ved Sauda vgs og dei to siste vekedagane i praksis hos lærebedrifta. Siste året blir det to dagar på skulebenken og tre dagar i lære.

— Etter fire år har elevane, i tillegg til dobbel kvalifikasjon, også lært mykje om krav, reglar og rutinar i arbeidslivet. Og ikkje nok med det; elevane får løn under opplæringa. Og dessutan har dei ein stor fordel om dei ynskjer jobb hos lærebedrifta ettersom bedriftene er blitt godt kjende med ungdomane, seier Høyen Solberg.

Den største skilnaden frå vanleg vgs-utdanning er at elevane ikkje får dei vanlege skuleferiane. Lærlingane må fylgja gjeldande ferieordningar ved bedrifta.

Hybel med tilsyn

Opplegget er basert på pendlring frå heimkommunen. Sauda vgs. skule har eit godt apparat for å ta imot tilreisande elevar. Skulen har eit relativt nytt hybelinternat med plass til 30 elevar, seks av dei universelt utforma. YSK-elevane vil bli prioriterte ved internatet.

— Her vil det vera tilsyn og oppfølging av elevane frå tilsette på skulen, og det blir også tilbod om frukost, seier prosjektleiaren.

Bortebuarstipendet rekk både til å dekkja overnatting og bussreise til og frå Sauda. Med lærlinglønn i tillegg, vil YSK-linja bli eit økonomisk attraktivt tilbod.

— Unik sjånse

Prosjektleiar Hans Høyen Solberg meiner dette fireårige opplæringsløpet passar for elevar som er flinke i realfag og som har ein klar plan for si eiga yrkeskarriere. Elevane møter høge forventningar både frå skule og bedrift.

— YSK er ein unik sjånse for motiverte elevar som ser ein mulighet, som ønskjer høgare utdanning innan tekniske fag, anna høgare utdanning på bachelor- eller masternivå eller jobb som fagarbeidar etter bestått fagprøve/svennprøve. Stipend og incentivordningar for høgskule- og universitetsutdanning er alt til vurdering i enkelte bedrifter, seier Høyen Solberg.



Tilbyr både overnatting og skuletilbod som inkluderer både fagbrev og inngang til høgare utdanning. Rektor Oskar Waage-Pettersen (t.v.) og prosjektleiar Hans Høyen Solberg ved Sauda vgs.

FOTO: TOR EGLI HOFTUN KVÆSTAD